

## REFERAT

Vedlegg nr. 1

### Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 03/2024 | Klokkeslett: 09.00 - 12.00 | Dato: 26.04.2024

Møtestad: Teams

Saksbehandlar: Juan Manuel Santacruz

Dato: 26.04.2024

	Navn	Part
<i>Møtedeltakarar</i>	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Sara Sekkingstad	Ordførar, Alver kommune
	Yngve Magnus Tvedt Fosse	Ordførar, Askøy kommune
	Tom Georg Indrevik	Ordførar, Øygarden kommune
	Terje Søviknes	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Christine Kahrs	Byråd, Bergen kommune
	Liv Signe Navarsete	Statsforvaltar, Vestland
	Solveig Paule	Jernbanedirektoratet
<i>Andre</i>	Aina Haugstad	Sekretariatsleiar, Miljøløftet
	Kjell Kvingedal	Direktør, Statsforvaltaren
	Tone Oppedal	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Morten Rannem	Statens vegvesen
	John Martin Jacobsen	Vestland fylkeskommune
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	Anne Iren Fagerbakke	Vestland fylkeskommune
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	Ragnhild Dalsbø	Vestland fylkeskommune
	Morten Sageidet	Jernbanedirektoratet
	Christian Fotland	Alver kommune
	Elin Helland-Jooste	Øygarden kommune
	Eystein Venneslan	Askøy kommune
	May Britt Hernes	Bergen kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	Erlend Otterå	Sekretariatet
	Juan Santacruz	Sekretariatet
	Anders Kjetland	Sekretariatet

## Saksliste byvekstvtalen

- Sak 24/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 25/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 22.03.2024
- Sak 26/24 Nasjonal transportplan
- Sak 27/24 Handlingsprogram 2025 – 2028
- Sak 28/24 Indikator for besøks- og arbeidsplassintensive arbeidsplassar
- Sak 29/24 Årsmelding 2023
- Sak 30/24 RVU 2023
- Sak 31/24 Gjennomgangstrafikk i byvekstområda
- Sak 32/24 Møtedatoar til hausten
- Sak 33/24 Eventuelt byvekstvtale Bergensområdet

## Saksliste bypakke Bergen

- Sak 34/24 Bypakke Bergen: Ansvarsfordeling i bompengesektoren og nøkkeltal frå Ferde
- Sak 25/24 Eventuelt bypakke Bergen

## Saksliste byveksttalen

### Sak 24/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

*Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.*

### Sak 25/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 21.02.2024

*Vedtak: Vedlagt referat er godkjend.*

### Sak 26/24 Nasjonal transportplan

Morten Rannem, Statens vegvesen, presenterte forslaget til NTP 2025-2036. Tone Oppedal, Statens vegvesen utdjupa momenta som er relevante for Miljøløftet.

Ingrid Dahl Hovland, Vegdirektør, understrekar at forenklinga i forhold til kva midlane i dei ulike pottar kan brukast til, vil gi fleksibilitet for å ha enda meir fokus på nullvekstmåla. Det ville også bety større ansvar for bruk av midlane og oppfølging av tiltak. Tom Georg Indrevik, Øygarden kommune, uttrykker bekymring for signala som forslaget gir, og faren for at mindre prosjekt risikerer å ikkje bli prioriterte. Terje Søviknes, Bjørnafjorden kommune, deler denne bekymringa og meiner at å skyve prosjekt ut av perioden vil påverke reforhandlingsklimaet.

*Vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek saka til orientering*

### Sak 27/24 Handlingsprogram 2025 – 2028

Aina Haugstad, sekretariatsleiar, innleia først kort med ei oppsummering frå vedtak på post 30 frå førre møte, og minna om at det er mellom desse prosjekta Miljøløftet kan bli utfordra på å prioritere. Ho minna også om at bybanen byggetrinn 5 og sykkelstamvegprosjekta som er knytt til, vil bli særskilt omtalt i handlingsprogrammet. Forslaget til handlingsprogram er basert på Prioriteringsrådets anbefaling, og prosjekta er vurdert og prioritert på grunnlag av porteføljestyingskriteria. Slik det lagt fram, viser dette eit handlingsprogram som går i balanse.

Til møtet la Statsforvaltaren fram eit forslag til tekst om arealutvikling, som dei oppmoda om at blei inkludert i handlingsprogrammet. Sekretariatsleiar presenterte dette forslaget som del av si innleiing.

Etter møtet vart det gjort avstemming av ordlyden i omtalen av bruk av bompengar knytt til byggetrinn 5 og i teksten om arealutvikling mellom partane. Det blei gitt støtte til teksten som blir nytta i sjølve handlingsprogrammet.

Når det gjaldt Post 66 – tilskot til betre kollektiv tilbud, meldte Bergen kommune at dei «*har flere ganger signalisert at vi mener dette burde vært konkretisert i HP, men når dette likevel ikke er gjort er vi enig i at det subsidiert er bra med en sak i august. Disse midlene er knyttet til økningen i statlig finansiering på større kollektivprosjekt og bompengeforliket. Viktig å få frem at bruken av midlene er avgrenset til Bergen, ikke bergensområdet. Videre er vi av den oppfatning at dersom bruken skal vesentlig endres til annet enn bybane, vil det kunne kreve ny behandling i Fylkesting og Bystyre i Bergen. Vi håper jo selvsagt det ikke blir nødvendig og vi får kommet i gang med bybanen. Hvis ikke forutsetter vi at en eventuell slik sak blir utarbeidet i tett samarbeid med Bergen.*»

Bergen kommune understreka også ei forventning om at Post 66 – tilskot til reduserte billettprisar kollektiv skal brukast i avtaleområdet og at dei vil arbeide for dette framover. For Post 66 – belønningssmidlar til drift kollektiv (Skyss), sakna dei ei betre synleggjering av skiljet mellom ordinær drift og det ekstra løftet som belønningssmidlane er meint å gi.

*Vedtak: Styringsgruppa gir sin tilslutnad til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025-2028, i tråd med konklusjonane i møtet. Sekretariatet gjer naudsynte tilpassingar og ferdigstiller dokumenta. Handlingsprogram 2025-2028 blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2024.*

*Styringsgruppa stiller seg bak disponeringa av belønningssmidlar i 2024 i tråd med tabellane 5-9*

## **Sak 28/24 Indikator for besøks- og arbeidsplassintensive arbeidsplassar**

Erlend Otterå, Sekretariatet, presenterte nyutvikla indikator og kort om bakgrunn og metodikk for denne.

*Vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek saka til orientering*

## **Sak 29/24 Årsmelding 2023**

Erlend Otterå, Sekretariatet, presenterte Miljøløftets årsmelding 2023.

Christine Kahrs, Bergen kommune, kommenterer sykkelindikatoren, og peiker på behovet for å forbetre kvaliteten på både informasjonen og tellepunkta. Tone Oppedal, Statens vegvesen informerte om at det går føre seg eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen for å få eit betre datagrunnlag.

*Vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek årsmeldinga til orientering. Årsmeldinga blir sendt til lokalpolitisk orientering før sommaren.*

## **Sak 30/24 RVU 2023**

Oskar Andreas Kleven, Statens vegvesen, presenterte RVU for 2023. Resultata på nasjonalt nivå, og på dei sju største byregionane blei presentert. Rapportane er også tilgjengelege på nettet: [Reisevaner 2023 | Statens vegvesen](#) .

*Vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek saka til orientering*

## **Sak 31/24 Gjennomgangstrafikk i byvekstområda**

Børge Bang, Statens vegvesen, presenterte ein analyse som er gjort på gjennomgangstrafikken i byvekstomtaleområdet, og i kva grad denne påverkar byindeksen. Omfanget av gjennomgangstrafikk er svært lågt (0,3%). Konklusjonen er at det ikkje vil ha noka praktisk betydning å korrigere for gjennomgangstrafikk.

*Vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek saka til orientering*

## **Sak 32/24 Møtedatoar til hausten**

Aina Haugstad, sekretariatet, viser til forslag i møtepapira. Det er også ønskeleg med politisk seminar tidleg haust. Ingrid Dahl Hovland, Vegdirektør, oppfordrar til dialog i forhold til aktuelle tema for politisk seminaret.

*Vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek saka til orientering*

## **Sak 33/24 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet**

### Asfaltering over brustein i Sentrumsgate:

Christine Kahrs, Bergen kommune, viser til fylkeskommunen sin asfaltering av Jon Smørs gate, og minner om Kommunedelplan Sentrum som har bestemt at der skal vere brustein. Byråden ber fylkeskommunen om ei forklaring.

Dina Lefdal, Vestland fylkeskommune, beklagar at informasjonen var dårleg i forkant, men forklarar at dette handla om eit naudsynt framkometiltak fordi brustein ligg på veldig dårleg grunn. Fylkeskommunen har kartlagt kva for andre gater som har behov for tiltak, og vil invitere kommunen til dialog om desse. Christine Kahrs, Bergen kommune, understrekar at det er prosedyrar knytt til slike tiltak, og at desse skal følgast.

### Arbeidsrutinar og fristar mot handlingsprogram

Christine Kahrs, Bergen kommunen ba prioriteringsrådet om å gjennomgå rutinar og tidsplanlegging for å sikre eit komplett forslag til handlingsprogram til neste års behandling av handlingsprogrammet.

## **Saksliste bypakke Bergen**

### **Sak 34/24 Bypakke Bergen: Ansvarsfordeling i bompengesektoren og nøkkeltal frå Ferde**

Dina Lefdal, Vestland fylkeskommune, innleier med ei orientering om at Ferde er eigd av Vestland fylkeskommune, saman med Rogaland og Agder fylkeskommunar. Det er fylkeskommunen som har finansieringsavtalen for bypakke Bergen.

Representantar frå Ferde orienterte om m.a. organisering, økonomi, og prosjekt. Driftskostnadene til Ferde blir tilordna dei enkelte prosjekta. Sjølv om omfang i aktiviteten har auka, så har ikkje kostnadene relativt sett auka. Ferde jobbar kontinuerleg med kostkontroll, både gjennom anskaffingar, og utnytting av eksisterande system. Dei viste også til årsrapport og andre aktuelle dokument på Ferde sine heimesider: [Årsrapporter og eierrapporter | Ferde.no](#)

Ingrid Dahl Hovland, Vegdirektør, kommenterer at Ferde har gjort en god jobb i forbindelse med rentesikring. Ho peikte også på at presentasjonen viser at vi ligg langt under gjennomsnittstakst, noko som visast på finansieringssida.

*Vedtak: Styringsgruppa for bypakke Bergen tek saka til orientering.*